# Statistikk for museum 2018

Kulturrådet

Utgitt av Kulturrådet
ISBN: 978-82-8105-143-0

Kulturrådet
Postboks 4808 Nydalen
0422 Oslo

Tlf: +47 21 04 58 00
post@kulturradet.no
www.kulturradet.no

Grunna noko ulikt utdrag frå statistikkgrunnlaget, kan det vere små variasjonar i høve til statistikken publisert av SSB.

# Innhald


4 Statistikk for museum 2018
5 Museumsdrift
9 Besøk
12 Utstillingar og formidling
14 Forsking og fagleg samarbeid
15 Forvaltning av samlingar

# Statistikk for museum 2018

Statistikk 2018 for norske museum blei samla inn i mars 2019 og omfattar museum med minst eitt fast årsverk i 2018. Museumsstatistikken skal gi eit oversyn over norske museum og syne informasjon om museumsinstitusjonane, besøk og tilgang, formidling og utstillingar, forsking og samarbeid og forvaltning av bygningar og samlingar. Talmaterialet femner om i alt 103 museum. Av desse fekk 70 museum driftstilskot frå Kulturdepartementet. Dei 33 andre musea er mellom anna kommunale museum, universitetsmuseum og museum under andre departement.

Talet på museum som rapporterer, varierer litt frå år til år. For musea under Kulturdepartementet heng statistikkrapporteringa saman med det årlege søknads- og rapporteringsarbeidet til departementet, og eventuelle endringar for denne delen av populasjonen skjer i hovudsak når tidlegare sjølvstendige museumseiningar blir slått saman.

I den andre gruppa museum er nokre av dei små musea litt ustabile med innrapportering. Derfor fell dei innimellom ut av statistikken. For 2018 er rapporteringa frå eitt museum utelaten frå denne statistikkpublikasjonen, då museet ikkje oppfylte kravet om minst eitt fast årsverk. SSB har ved si offentleggjering av museumsstatistikk også krav om at institusjonane skal ha vore opne for publikum, men dei dette gjaldt for i 2018, er med i Kulturrådets statistikkpublikasjon.

I museumsstatistikken til Kulturrådet er det ikkje vanleg å korrigere tidlegare talrekkjer som viser utviklingstrekk for musea, men vi prøver å kommentere dette i omtalen for område der endringa av tal på institusjonar eller ufullstendig rapportering gir vesentlege utslag.

Rapporten er konsentrert om fem område. Den første delen omtalar drift, organisasjonsform, økonomi og tilsette. Del to presenterer publikumstal og tilgang til musea. Dei neste delane gir informasjon om tre av kjerneoppgåvene til musea: formidling, forsking og forvaltning.

# Museumsdrift

Ser vi på perioden frå 2005, har talet på museum som er med i statistikken, gått ned frå 188 til 103 i 2018. Den store nedgangen skuldast i hovudsak konsolideringsprosessar der museum har gått saman i større organisasjonar. Over heile landet har desse prosessane gripe inn i eigarstrukturar, eigedomsforhold, organisasjonsform og organisering.

60 prosent av musea var i 2018 organiserte som stiftingar, 21 prosent var offentlege verksemder/selskapsformer, 14 prosent aksjeselskap og 1 prosent var foreining/lag. Det er verdt å merke seg at dette i hovudsak gir eit bilete av korleis museumsdrifta er organisert, medan det mange stader er dei gamle museumsstiftingane (såkalla eigarstiftingar) som framleis er formelle eigarar av bygningar og samlingar.

Lønns- og pensjonskostnader var den største utgiftsposten, med totalt 52 prosent av kostnadene. Husleige og avskrivingar utgjorde i alt 12 prosent. Utgiftsfordelinga viser at musea har ein kostnadsstruktur med høge faste utgifter. Til samanlikning utgjorde dei ordinære offentlege driftstilskota 63 prosent av driftsinntektene. Medrekna prosjekttilskot var samla offentlege tilskot til musea 70 prosent av inntektsgrunnlaget. Offentlege tilskot til musea var om lag 3,8 mrd. kr i 2018, noko som utgjer 716 kr per innbyggjar.

Musea sine eigeninntekter er mellom anna billettinntekter, butikk- og kaféinntekter, sponsorinntekter og gåver. Totalt hadde musea eigeninntekter på 1,6 mrd. kr i 2018 (mot 1,5 mrd. året før), noko som svarar til 30 prosent av dei samla inntektene.

Tilsvarande tal for 2005 var 31 prosent. Musea fekk 272 mill. i sponsorinntekter og gåver i 2018, mot 157 mill. året før. Dette utgjorde 5 prosent av inntektene til musea, eit tal som har vore ganske stabilt sidan 2005, på mellom 3 og 5 prosent. I 2018 utgjorde gåveinntektene om lag 211 mill. kr.

**Figur 1 ↓** Organisasjonsform



**Tabell 1 ↓** Utvikling og fordeling av inntekter (i heile mill.)

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ordinært offentleg tilskot | 2 201 | 2 398 | 2 464 | 2 626 | 2 674 | 2 887 | 3 109 | 3 133 | 3 298 | 3 417 |
| Andre eigeninntekter | 391 | 451 | 411 | 410 | 404 | 544 | 457 | 389 | 624 | 598 |
| Billettinntekter | 238 | 258 | 286 | 286 | 269 | 323 | 331 | 351 | 397 | 399 |
| Varer og tenester | 286 | 308 | 324 | 335 | 382 | 296 | 456 | 473 | 359 | 355 |
| Ekstra offentleg tilskot | 314 | 201 | 297 | 234 | 319 | 279 | 269 | 435 | 337 | 399 |
| Sponsorinntekter og gåver | 95 | 116 | 193 | 111 | 118 | 132 | 160 | 133 | 157 | 272 |
| | **3 525** | **3 733** | **3 974** | **4 003** | **4 166** | **4 460** | **4 781** | **4 914** | **5 172** | **5 442** |

**Figur 2 ↓** Prosentvis fordeling av inntekter




**Tabell 2 ↓** Utvikling og fordeling av utgifter (i heile mill.)

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Løn | 1 611 | 1 743 | 1 798 | 1 936 | 2 045 | 2 174 | 2 229 | 2 236 | 2 380 | 2 468 |
| Pensjon | 139 | 156 | 149 | 207 | 188 | 205 | 247 | 220 | 237 | 262 |
| Andre utgifter | 665 | 671 | 678 | 691 | 794 | 838 | 899 | 985 | 974 | 1 015 |
| Husleige | 355 | 403 | 398 | 417 | 371 | 442 | 489 | 456 | 511 | 515 |
| Varer og tenester | 294 | 305 | 297 | 332 | 361 | 382 | 353 | 367 | 392 | 423 |
| Drift/vedlikehald av lokale | 337 | 348 | 297 | 325 | 320 | 307 | 357 | 418 | 447 | 424 |
| Avskrivningar | 62 | 84 | 88 | 80 | 73 | 77 | 85 | 98 | 100 | 102 |
| | **3 462** | **3 710** | **3 704** | **3 988** | **4 152** | **4 425** | **4 660** | **4 779** | **5 039** | **5 208** |

**Figur 3 ↓** Prosentvis fordeling av utgifter




**Figur 4 ↓** Utvikling i tal årsverk



**Figur 5 ↓** Fordeling av årsverk




## Årsverk

I 2018 vart det rapportert om 4068 lønna årsverk i norske museum. Av desse var 3176 faste årsverk. Dei ti siste åra har talet på årsverk i faste stillingar auka jamt. Talet på årsverk i andre lønna stillingar var 891 i 2018. I tillegg er det rapportert om samla 191 frivillige årsverk. Sidan 2007 har dette talet vore rapportert nokolunde stabilt kring 200 årsverk. I 2005 rapporterte musea om 173 frivillige årsverk.

## Personale

I 2018 stod kvinner for 56 prosent av årsverka i faste, lønna stillingar. Kvinner utførte 51 prosent av årsverka i leiarstillingar, medan menn utførte 71 prosent av årsverka i dei tekniske stillingane. Kvinnene dominerte i dei administrative årsverka og i dei kunst-, kultur- og naturfaglege årsverka, med høvesvis 72 og 60 prosent. Fordelinga mellom administrative, faglege og tekniske årsverk har endra seg noko sidan dette kom med i statistikken i 2006. Det er særskilt delen faglege årsverk som har gått opp, medan delen årsverk for teknisk personale har gått ned. I museumsstyra var 47 prosent kvinner og 53 prosent menn. Av styreleiarane var 67 prosent menn.

# Besøk

I 2018 hadde dei rapporterande musea 10,9 mill. besøk, ned frå 11,3 i 2017. Det var nedgang i besøkstalet i fleire fylke, mellom anna i Nordland, Trøndelag og Vest-Agder. Den største nedgangen var i Oslo, frå 4,8 til 4,5 mill. besøk. Akershus og Hordaland hadde ei positiv besøksutvikling frå 2017 til 2018.

32 museum hadde besøkstal over 100 000. Desse musea hadde om lag 74 prosent av det samla besøkstalet. 9 museum hadde registrert mindre enn 10 000 besøk. Flest besøk hadde Oslo, med 6,6 besøk per innbyggjar. Landsgjennomsnittet var 2,0 besøk per innbyggjar. Over landsgjennomsnittet låg også Oppland (2,6 besøk), Finnmark (2,5 besøk), Troms (2,4 besøk) og Trøndelag (2,1 besøk).

3 museum hadde gratis inngang for alle heile året. For dei musea som tok inngangspengar, var gjennomsnittsprisen for ein vaksenbillett 93 kr, medan gjennomsnittspris for barnebillett var 54 kr.

DigitaltMuseum, som gir digital tilgang til musea sine samlingar, hadde i 2018 besøkstal på 3,4 mill., mot 2,6 mill. i 2017. I 2012 var besøkstalet 741 247. I 2018 var det om lag 14,4 mill. besøk på musea sine heimesider.

**Barn og unge**

Musea legg stor vekt på å ha eit godt tilbod til det yngste publikummet, og dei samarbeider med skulane om besøk og formidling. I 2018 hadde 77 prosent av musea ein plan for formidling retta mot barn og unge, mot 71 prosent i 2017.

2,4 mill. museumsbesøk blei gjort av barn og unge i 2018. Dette utgjer 22 prosent av det totale besøket. Det var fleire barn og unge som deltok i organisert undervisning: 865 667 i 2018 mot 797 268 i 2017.

Talet på barn og unge som var med på tiltak i regi av Den kulturelle skulesekken, har gått attende kvart år frå 2010 – då om lag 380 000 barn deltok – til 2017. I 2018 gjekk talet noko opp, frå 222 000 til 241 000. 35 prosent av musea hadde i 2017 internettbaserte pedagogiske opplegg for barn og unge, mot 31 prosent i 2017.

**Figur 6 ↓** Besøk (i mill.)




**Tabell 3 ↓** Best besøkte museumsarenaer (besøk over 100 000)

| Namn på arena | Besøk 2018 |
|---|---|
| Botanisk hage, Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | 646 850 |
| Vikingskipshuset, Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | 550 404 |
| Nasjonalgalleriet, Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design | 479 391 |
| Frammuseet | 357 400 |
| Norsk Folkemuseum | 312 266 |
| Nobels Fredssenter | 239 385 |
| Norsk Teknisk Museum | 214 372 |
| Nidaros domkirke | 197 556 |
| Kon-Tiki Museet | 183 910 |
| KODE 1 - 4 | 172 744 |
| Munchmuseet | 170 385 |
| Maihaugen, Lillehammer museum | 148 507 |
| Skimuseet i Holmenkollen | 146 703 |
| Astrup Fearnley Museet | 137 867 |
| Stiklestad nasjonale kultursenter | 137 183 |
| Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | 133 151 |
| Norsk Oljemuseum | 132 742 |
| NTNU Vitenskapsmuseet | 130 913 |
| Det Hanseatiske museum og Schøtstuene, Museum Vest | 110 226 |

**Figur 7↓** Barn og unge som har delteke i pedagogiske tiltak (i heile 1 000)




**Figur 8↓** Tal besøk på digitaltmuseum.no (i mill.)



# Utstillingar og formidling

Gjennom målretta tilrettelegging og nyskapande formidling skal musea fremje innsikt og refleksjon. Den viktigaste formidlingskanalen er utstillingane.

**Utstillingar og formidling**
I 2018 hadde musea i alt 2459 utstillingar, mot 2504 året før. Av desse vart 810 opna i løpet av 2018, mot 864 året før. Musea rapporterte i tillegg om 192 vandreutstillingar, og av desse var 57 nyproduserte i rapporteringsåret.

**Opne møte, konsertar, teater**
Musea hadde 7097 opne møte, 1684 konsertar og 4920 framsyningar av 287 teater-oppsettingar i 2018. Talet på opne møte har auka gjennom dei siste ti åra, og frå førre rapporteringsår har det vore ein auke på 4 prosent. Slike arrangement er ein del av rolla musea har som kunnskapsarenaer og som møteplassar i lokalsamfunnet.

**Universell utforming**
Når det gjeld fysisk tilrettelegging, er omsynet til bevaring ei utfordring for mange av musea. 84 prosent av musea opplyser for 2018 at dei har tilrettelagde lokale, med for eksempel teleslynge, heis for rullestolbrukarar og rullestolrampar. 75 prosent av musea hadde formidling tilrettelagd for menneske med nedsett funksjonsevne, som til dømes merking med blindeskrift, teiknspråk, storskrift og lettlesen informasjon.

Då ikkje alle har tilgang til alle museumsbygg og -anlegg, blir det viktig å utforme nettsidene til musea slik at fleire kan ta del i tilbodet. Musea blir spurde om heimesidene deira følgjer DIFI sine retningsliner for universell utforming, og 62 prosent av musea melde at heimesidene deira følgde standarden som ligg til grunn. Musea legg stadig meir vekt på universell utforming, og tala for fysisk tilrettelegging, tilpassa formidling og universelt utforma nettsider har aldri vore betre. Særleg er tala for heimesidene til musea positive, opp frå 48 prosent i 2017.

**Figur 9 ↓** Tal utstillingar




**Figur 10 ↓** Universell utforming



# Forsking og fagleg samarbeid

Forsking og kunnskapsutvikling er eit nødvendig fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling. Talet på tilsette med doktorgrad har vore stigande dei siste åra; i 2018 vart det rapportert om heile 327 tilsette i denne kategorien, mot 175 i 2011. Talet på publiserte forskingsartiklar med fagfellevurdering var 471 i 2018, mot 444 året før. Det var 53 av musea som rapporterte om tilsette med doktorgrad, ein liten auke frå året før. Det er universitetsmusea som har flest tilsette med doktorgrad. 67 prosent av dei tilsette med doktorgrad arbeidde ved eitt av dei seks universitetsmusea. Desse musea stod også for 83 prosent av dei fagfellevurderte forskingsartiklane.

**Fagleg samarbeid**
60 museum har delteke i eitt eller fleire forskings- og utviklingsprosjekt i 2018, mot 54 året før. Musea rapporterte om til saman 411 prosjektdeltakingar, mot 332 året før. Dei faglege og tematiske museumsnettverka har vore viktige plattformer for den faglege utviklinga i musea dei ti siste åra. Av dei 103 musea i statistikken deltok 48 museum i eitt eller fleire samarbeidsprosjekt i regi av desse nettverka. Fleire av desse prosjekta kan vere samanfallande med dei allereie omtala FoU-prosjekta.

**Utlån**
Tala for utlån frå samlingane fortel at 60 av musea lånte ut i alt 11 630 gjenstandar til andre museum i 2018. Elles låner musea også ut fotografi, både til andre museum og til institusjonar utanfor museumssektoren.

**Figur 11 ↓** Formell kompetanse



# Forvaltning av samlingar

Musea forvaltar og formidlar store samlingar. I alt blei det for 2018 rapportert om 22,3 mill. gjenstandar og nesten 35 mill. fotografi. 79 museum forvalta i alt 5042 kulturhistoriske bygningar i 2018, og 34 museum rapporterte om totalt 109 teknisk-industrielle anlegg. 41 av musea forvalta ulike kulturlandskap, med eit samla brutto-areal på om lag 29 000 dekar, og 49 av musea hadde ansvar for om lag 3300 dekar med hageanlegg. I tillegg til at musea forvaltar desse samlingane, har musea store samlingar av private arkiv. Dette går fram av statistikk som for arkivområdet blir publisert av Riksarkivet.

**Figur 12 ↓** Fordeling av gjenstandar og fotografi (i heile 1 000)



**Figur 13 ↓** Årleg tilvekst av gjenstandar




**Figur 14 ↓** Årleg tilvekst av fotografi



**Figur 15 ↓** Fotografi registrert, digitalisert og publisert




**Figur 16 ↓** Kunsthistoriske gjenstandar registrert, digitalisert og publisert



**Figur 17 ↓** Kulturhistoriske gjenstandar registrert, digitalisert og publisert




**Figur 18 ↓** Arkeologiske gjenstandar registrert, digitalisert og publisert



**Figur 19 ↓** Naturhistoriske gjenstandar registrert, digitalisert og publisert




**Figur 20 ↓** Oppbevaring kunsthistoriske gjenstandar



**Figur 21 ↓** Oppbevaring kulturhistoriske gjenstandar




**Figur 22 ↓** Oppbevaring arkeologiske gjenstandar



**Figur 23 ↓** Oppbevaring naturhistoriske gjenstandar




**Figur 24 ↓** Oppbevaring fotografi



**Tabell 4 ↓** Besøk, tal, gjenstandar, fotografi og årsverk

| | Besøk i 2018 | Gjenstandar i alt | Fotografi i alt | Årsverk i alt |
|---|---|---|---|---|
| Akershus slott | - | 956 | - | 2 |
| Anno museum | 195 167 | 176 440 | 4 566 722 | 125 |
| Árran Lulesamisk senter / Árran - julevsáme guovdásj | 1 460 | 612 | 3 200 | 5 |
| Astrup Fearnley Museet | 137 867 | 1 392 | - | 18 |
| Aust-Agder museum og arkiv | 53 656 | 94 781 | 90 257 | 53 |
| Barnekunstmuseet | 17 534 | 150 000 | - | 4 |
| Baroniet Rosendal | 71 837 | 12 700 | 500 | 20 |
| Bergens Sjøfartsmuseum | 24 763 | 15 922 | 55 000 | 13 |
| Blaafarveværket | 147 723 | 1 386 | - | 40 |
| Buskerudmuseet | 99 410 | 88 707 | 271 816 | 57 |
| Bymuseet i Bergen | 156 781 | 94 451 | 88 256 | 62 |
| Dalane folkemuseum | 42 939 | 61 346 | 96 043 | 16 |
| Drammens museum for kunst og kulturhistorie | 42 819 | 51 596 | 9 485 | 13 |
| Falstadsenteret | 14 400 | 690 | 2 500 | 16 |
| Forsvarets museer | 318 704 | 110 000 | 35 000 | 42 |
| Frammuseet | 357 400 | 1 415 | 9 900 | 15 |
| Galleri Svalbard | 11 165 | 275 | - | 2 |
| Gudbrandsdalsmusea | 71 935 | 12 137 | 180 474 | 12 |
| Hardanger og Voss museum | 56 143 | 51 867 | 94 604 | 62 |
| Haugalandmuseene | 33 747 | 62 750 | 662 200 | 16 |
| Helgeland Museum | 74 542 | 121 545 | 631 417 | 52 |
| Henie Onstad Kunstsenter | 89 206 | 8 064 | 660 | 20 |
| Horg Bygdatun og Museumslag | - | 5 176 | 320 | 4 |
| Justismuseet | - | 20 660 | 8 246 | 6 |
| Jærmuseet | 222 373 | 50 124 | 190 693 | 76 |
| Jødisk Museum i Oslo | 7 255 | 2 589 | 5 550 | 8 |
| Jødisk museum Trondheim | 4 264 | 2 748 | 1 860 | 6 |
| Kistefos-Museet | 16 934 | 569 | 1 943 | 7 |
| KODE - Kunstmuseer og komponisthjem | 266 980 | 50 884 | 101 | 73 |
| Kon-Tiki Museet | 183 910 | 9 900 | 203 955 | 9 |
| Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | 633 848 | 2 540 331 | 910 000 | 178 |
| Kulturkvartalet | 36 535 | 3 267 | - | 8 |
| Lillehammer museum | 204 085 | 85 364 | 195 395 | 91 |
| MiA Museene i Akershus | 232 721 | 85 956 | 5 247 321 | 96 |
| Midt-Troms Museum | 31 853 | 29 850 | 66 100 | 11 |
| Mjøsmuseet | 60 704 | 31 023 | 820 000 | 18 |
| Munchmuseet | 182 622 | 40 912 | 252 | 76 |
| Musea i Sogn og Fjordane | 64 294 | 123 168 | 40 138 | 54 |
| Museene for kystkultur og gjenreisning i Finnmark | 51 073 | 14 197 | 47 655 | 21 |
| Museene i Sør-Trøndelag | 296 446 | 206 796 | 2 060 190 | 215 |
| Museet Midt | 85 877 | 22 255 | 8 496 | 42 |
| Museum Nord | 238 127 | 74 212 | 384 575 | 51 |
| Museum Stavanger | 218 675 | 144 902 | 64 321 | 52 |
| Museum Vest | 191 234 | 16 098 | 24 387 | 43 |
| Museumssenteret i Hordaland | 28 903 | 40 096 | 16 242 | 45 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Narviksenteret, Narvik Krigsmuseum | 32 612 | 29 598 | 8 043 | 9 |
| Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design | 582 620 | 401 510 | - | 197 |
| Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | 780 001 | 5 934 617 | - | 138 |
| Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider | 268 777 | 13 045 | 20 000 | 78 |
| Nobels Fredssenter | 239 385 | 1 | 1 030 | 32 |
| Nordlandsmuseet | 67 444 | 54 365 | 271 926 | 45 |
| Nordmøre museum | 76 651 | 51 508 | 205 172 | 24 |
| Nordnorsk Kunstmuseum | 77 081 | 2 151 | - | 10 |
| Nord-Troms Museum | 12 405 | 19 192 | 52 780 | 7 |
| Norsk Bergverksmuseum | 52 083 | 52 520 | 36 233 | 21 |
| Norsk bremuseum | 82 124 | 3 | 44 | 7 |
| Norsk Folkemuseum | 574 830 | 329 265 | 2 046 350 | 220 |
| Norsk Industriarbeidermuseum | 93 532 | 14 827 | 500 000 | 43 |
| Norsk Jernbanemuseum | 36 470 | 9 975 | 70 000 | 33 |
| Norsk Luftfartsmuseum | 63 337 | 16 500 | 66 000 | 29 |
| Norsk Oljemuseum | 132 742 | 4 512 | 98 234 | 26 |
| Norsk Skogfinsk Museum | 15 327 | 34 250 | 327 000 | 5 |
| Norsk Teknisk Museum | 216 015 | 91 611 | 2 650 000 | 69 |
| Norsk Tindemuseum | 14 125 | 6 814 | 6 523 | 3 |
| Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum | 22 875 | 11 731 | 137 751 | 16 |
| Norsk vegmuseum | 37 817 | 22 165 | 60 000 | 27 |
| NTNU Vitenskapsmuseet | 130 913 | 3 181 426 | 75 | 144 |
| Nynorsk kultursentrum | 31 795 | 10 344 | 345 | 24 |
| Næs Jernverksmuseum | 13 906 | 8 219 | 83 | 7 |
| Oppdalsmuseet | 3 914 | 5 000 | - | 5 |
| Oslo ladegård - Kulturetaten | 8 557 | - | - | 3 |
| Oslo Museum | 86 017 | 33 721 | 983 659 | 37 |
| Oslo Skolemuseum | 3 268 | 2 857 | - | 4 |
| Perspektivet Museum | 29 534 | 15 411 | 468 237 | 8 |
| Preus museum | 15 390 | 56 030 | 816 133 | 9 |
| PUNKT Ø | 21 431 | 23 | 20 422 | 13 |
| Randsfjordmuseet | 30 969 | 30 346 | - | 19 |
| RiddoDuottarMuseat | 9 338 | 9 755 | 24 427 | 14 |
| Romsdalsmuseet | 107 877 | 27 805 | 1 269 733 | 22 |
| Ryfylkemuseet | 29 328 | 21 384 | 137 159 | 17 |
| Skibladner - Oplandske Dampskibsselskap | 20 304 | - | - | 13 |
| Skimuseet i Holmenkollen | 146 703 | 3 138 | 2 000 | 8 |
| Stabbursnes Naturhus og Museum | 2 833 | 120 | - | 3 |
| Stiklestad Nasjonale Kultursenter | 175 466 | 77 038 | 610 654 | 48 |
| Sunnhordland Museum | 37 074 | 22 690 | 31 219 | 9 |
| Sunnmøre Museum | 123 491 | 39 523 | 322 854 | 36 |
| Svalbard museum | 51 460 | 54 833 | 25 912 | 12 |
| Sørlandets Kunstmuseum | 44 490 | 1 587 | - | 22 |
| Sør-Troms Museum | 57 792 | 45 904 | 56 332 | 24 |
| Tana og Varanger Museumssiida - Deanu ja Várjjat Museasidda Vuoddudus | 26 911 | 5 699 | 18 772 | 14 |
| Telemark Museum | 53 613 | 109 357 | 2 679 560 | 42 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tromsø Museum - Universitetsmuseet | 185 277 | 872 221 | 367 293 | 82 |
| Universitetet i Stavanger, Arkeologisk museum | 65 563 | 1 366 503 | 170 184 | 99 |
| Universitetsmuseet i Bergen | 27 833 | 4 102 436 | 304 015 | 130 |
| Valdresmuseet | 48 936 | 28 487 | 392 733 | 17 |
| Varanger museum | 43 024 | 29 784 | 94 258 | 27 |
| Vardobáiki museum | 794 | 509 | 20 000 | 3 |
| Verdensarvsenter for bergkunst - Alta Museum | 56 500 | 3 189 | 6 375 | 29 |
| Vest-Agder-museet | 122 266 | 58 868 | 205 740 | 49 |
| Vestfoldmuseene | 145 674 | 67 634 | 813 778 | 71 |
| Vest-Telemark museum | 32 056 | 22 153 | 110 327 | 18 |
| Vitenparken Campus Ås | 81 169 | 8 491 | 324 694 | 20 |
| Østfoldmuseene | 85 743 | 117 103 | 983 307 | 70 |

# Fylkesvise tabellar →

**Tabell 5 ↓** Organisasjonsform 2018

| | Tal på einingar | Foreining/ lag | Stifting | Aksjesel-skap | Interkom-munalt selskap | Kommunal verksemd | Statleg verksemd | Ikkje oppgitt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 2 | 0 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 | |
| Akershus | 3 | 0 | 3 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Oslo | 18 | 0 | 9 | 1 | 0 | 3 | 3 | |
| Hedmark | 3 | 0 | 1 | 1 | 0 | 0 | 1 | |
| Oppland | 8 | 0 | 2 | 5 | 0 | 0 | 1 | |
| Buskerud | 4 | 0 | 4 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Vestfold | 2 | 0 | 1 | 0 | 1 | 0 | 0 | |
| Telemark | 3 | 0 | 3 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Aust-Agder | 2 | 0 | 1 | 0 | 1 | 0 | 0 | |
| Vest-Agder | 2 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Rogaland | 7 | 0 | 4 | 2 | 0 | 0 | 1 | |
| Hordaland | 10 | 0 | 9 | 0 | 0 | 0 | 1 | |
| Sogn og Fjordane | 2 | 0 | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Møre og Romsdal | 6 | 0 | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Trøndelag | 10 | 1 | 2 | 2 | 1 | 2 | 2 | |
| Nordland | 7 | 0 | 6 | 1 | 0 | 0 | 0 | |
| Troms - Romsa | 6 | 0 | 3 | 1 | 0 | 0 | 1 | |
| Finnmark - Finnmárku | 6 | 0 | 3 | 0 | 3 | 0 | 0 | |
| Svalbard | 2 | 0 | 1 | 0 | 0 | 1 | 0 | |
| **I ALT** | **103** | **1** | **62** | **14** | **6** | **6** | **10** | **4** |

**Tabell 6–1↓** Inntekter (i heile 1 000)

| | Innbyggjar-tal | Billett-inntekter | Varer og tenester | Sponsor-inntekter | Gåver | Andre eigen-inntekter | Ordinært driftstilskot frå staten | Ordinært driftstilskot frå fylkes-kommune |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 297 520 | 1 536 | 1 693 | 1 578 | 187 | 2 122 | 41 590 | 21 450 |
| Akershus | 624 055 | 7 614 | 13 426 | 1 697 | 6 452 | 29 436 | 54 316 | 29 315 |
| Oslo | 681 071 | 170 073 | 130 909 | 32 385 | 33 727 | 162 711 | 922 467 | 99 488 |
| Hedmark | 197 406 | 9 527 | 6 634 | - | 276 | 14 599 | 98 182 | 20 040 |
| Oppland | 189 545 | 18 867 | 12 616 | 7 832 | 132 250 | 30 292 | 136 493 | 16 230 |
| Buskerud | 283 148 | 9 649 | 24 351 | 838 | 2 989 | 7 790 | 58 230 | 22 000 |
| Vestfold | 251 078 | 3 168 | 2 974 | - | 2 858 | 6 915 | 44 370 | 26 318 |
| Telemark | 173 318 | 6 966 | 10 135 | 4 743 | 4 196 | 2 481 | 41 850 | 13 232 |
| Aust-Agder | 117 655 | 1 223 | 1 008 | - | 112 | 8 455 | 25 876 | 14 156 |
| Vest-Agder | 187 589 | 3 899 | 3 560 | - | 3 088 | 6 875 | 38 759 | 14 812 |
| Rogaland | 475 654 | 16 282 | 14 678 | 5 571 | 3 876 | 56 772 | 140 811 | 38 404 |
| Hordaland | 524 495 | 41 394 | 29 683 | 4 042 | 6 463 | 107 915 | 280 121 | 45 761 |
| Sogn og Fjordane | 109 774 | 6 606 | 5 145 | - | 640 | 334 | 37 290 | 15 121 |
| Møre og Romsdal | 265 392 | 10 548 | 17 200 | 1 034 | 2 857 | 5 183 | 62 062 | 19 662 |
| Trøndelag | 464 060 | 44 134 | 33 864 | 1 686 | 10 199 | 115 476 | 334 356 | 50 459 |
| Nordland | 243 385 | 31 190 | 27 802 | 410 | - | 32 399 | 87 965 | 25 394 |
| Troms - Romsa | 167 202 | 6 066 | 7 305 | - | 284 | 2 964 | 96 181 | 11 029 |
| Finnmark - Finnmárku | 75 865 | 6 664 | 8 324 | - | 171 | 4 653 | 46 660 | 5 698 |
| Svalbard | - | 3 681 | 4 165 | - | - | 1 008 | 14 370 | - |
| **I ALT** | **5 328 212** | **399 087** | **355 472** | **61 816** | **210 625** | **598 380** | **2 561 949** | **488 569** |

**Tabell 6-2** ↓ Inntekter (i heile 1 000)

| | Ordinært driftstilskot frå kommune | Ekstra tilskot frå staten | Ekstra tilskot frå fylkes-kommune | Ekstra tilskot frå kommune | Inntekter i alt | Eigeninn-tekter som del av totale inntekter | Ordinært offentleg driftstilskot per innbyggjar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 16 415 | 3 601 | 785 | 1 610 | 92 567 | 8 % | kr 267 |
| Akershus | 19 376 | 3 936 | 3 140 | 1 839 | 170 547 | 34 % | kr 165 |
| Oslo | 21 000 | 99 067 | - | 19 065 | 1 690 892 | 31 % | kr 1 531 |
| Hedmark | 4 797 | 6 121 | 251 | 337 | 160 764 | 19 % | kr 623 |
| Oppland | 13 586 | 16 916 | 1 800 | 1 530 | 388 412 | 52 % | kr 877 |
| Buskerud | 12 622 | 5 427 | 1 271 | 110 | 145 277 | 31 % | kr 328 |
| Vestfold | 14 786 | 5 268 | 3 353 | 1 227 | 111 237 | 14 % | kr 340 |
| Telemark | 10 303 | 23 928 | 8 553 | 4 452 | 130 839 | 22 % | kr 377 |
| Aust-Agder | 14 277 | 1 482 | 4 815 | 5 716 | 77 120 | 14 % | kr 462 |
| Vest-Agder | 13 192 | 9 952 | 4 619 | 2 340 | 101 096 | 17 % | kr 356 |
| Rogaland | 35 211 | 7 634 | 4 693 | 4 703 | 328 635 | 30 % | kr 451 |
| Hordaland | 94 453 | 25 842 | 5 965 | 7 690 | 649 329 | 29 % | kr 801 |
| Sogn og Fjordane | 6 934 | 2 344 | - | - | 74 414 | 17 % | kr 541 |
| Møre og Romsdal | 15 615 | 8 444 | 2 854 | 1 359 | 146 818 | 25 % | kr 367 |
| Trøndelag | 23 642 | 23 511 | 7 076 | 4 863 | 649 266 | 32 % | kr 880 |
| Nordland | 26 596 | 4 748 | 2 461 | 1 757 | 240 722 | 38 % | kr 575 |
| Troms - Romsa | 11 334 | 18 626 | 4 529 | 928 | 159 246 | 10 % | kr 709 |
| Finnmark - Finnmárku | 12 768 | 13 907 | 1 218 | 10 | 100 073 | 20 % | kr 858 |
| Svalbard | - | 1 826 | - | - | 25 050 | 35 % | |
| **I ALT** | **366 907** | **282 580** | **57 383** | **59 536** | **5 442 304** | **30 %** | **kr 641** |

**Tabell 7↓** Utgifter (i heile 1 000)

| | Varer og tenester | Løn | Pensjon | Avskriv-ningar | Drift av lokale | Vedlike-hald av lokale | Husleige kostnader | Andre drifts-kostnader | Totale kostnader |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 3 950 | 42 540 | 5 715 | 3 502 | 4 288 | 2 852 | 6 848 | 19 909 | 89 604 |
| Akershus | 5 557 | 72 567 | 11 618 | 4 072 | 11 514 | 4 078 | 2 074 | 55 642 | 167 122 |
| Oslo | 111 832 | 741 452 | 70 676 | 39 778 | 37 216 | 33 913 | 266 283 | 345 022 | 1 646 172 |
| Hedmark | 2 930 | 84 318 | 8 353 | 881 | 17 391 | 9 299 | 3 118 | 31 534 | 157 824 |
| Oppland | 24 722 | 123 043 | 11 225 | 5 476 | 8 841 | 15 130 | 3 307 | 62 830 | 254 574 |
| Buskerud | 13 196 | 68 672 | 7 115 | 1 645 | 7 901 | 8 544 | 6 014 | 31 335 | 144 422 |
| Vestfold | 7 584 | 54 858 | 4 921 | 1 198 | 6 930 | 8 124 | 3 613 | 29 978 | 117 206 |
| Telemark | 6 496 | 56 942 | 5 506 | 1 953 | 7 273 | 28 805 | 1 408 | 26 131 | 134 514 |
| Aust-Agder | 1 166 | 38 017 | 4 353 | 189 | 3 435 | 1 743 | 457 | 15 452 | 64 812 |
| Vest-Agder | 4 772 | 46 495 | 4 367 | 2 574 | 5 506 | 9 976 | 1 333 | 26 097 | 101 120 |
| Rogaland | 43 478 | 170 554 | 23 171 | 4 004 | 12 386 | 6 802 | 13 739 | 53 889 | 328 023 |
| Hordaland | 75 533 | 282 311 | 30 398 | 12 798 | 21 747 | 22 081 | 81 179 | 84 258 | 610 305 |
| Sogn og Fjordane | 2 437 | 34 519 | 3 544 | 1 923 | 3 566 | 1 808 | 6 279 | 12 702 | 66 778 |
| Møre og Romsdal | 13 592 | 75 632 | 7 396 | 5 449 | 7 760 | 7 453 | 2 387 | 26 243 | 145 912 |
| Trøndelag | 71 961 | 307 631 | 35 415 | 3 274 | 26 852 | 30 532 | 63 285 | 104 739 | 643 689 |
| Nordland | 17 112 | 121 350 | 11 497 | 10 948 | 22 234 | 8 422 | 17 066 | 33 662 | 242 291 |
| Troms - Romsa | 4 877 | 83 672 | 9 956 | 1 892 | 7 438 | 4 416 | 20 916 | 38 254 | 171 421 |
| Finnmark - Finnmárku | 7 836 | 56 744 | 6 330 | 465 | 4 263 | 1 158 | 6 708 | 13 461 | 96 965 |
| Svalbard | 3 510 | 6 753 | 379 | 285 | 2 420 | 60 | 8 588 | 3 509 | 25 504 |
| **I ALT** | **422 541** | **2 468 070** | **261 935** | **102 306** | **218 961** | **205 196** | **514 602** | **1 014 647** | **5 208 258** |

**Tabell 8–1↓** Årsverk

| | Faste stillingar | | | Midlertidige stillingar | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Årsverk faste stillingar totalt | Årsverk faste stillingar - kvinner | Årsverk faste stillingar - menn | Årsverk midler-tidige stillingar i alt | Årsverk midler-tidige stillingar - kvinner | Årsverk midler-tidige stillingar - menn |
| Østfold | 66 | 43 | 23 | 10 | 7 | 3 |
| Akershus | 96 | 57 | 39 | 27 | 20 | 7 |
| Oslo | 844 | 472 | 372 | 204 | 140 | 64 |
| Hedmark | 126 | 66 | 60 | 25 | 17 | 8 |
| Oppland | 173 | 84 | 89 | 29 | 12 | 17 |
| Buskerud | 80 | 45 | 36 | 50 | 38 | 12 |
| Vestfold | 76 | 52 | 24 | 4 | 3 | 1 |
